



Referat frå elevrådsmøte desember på Lye skule

Elevar frå 2. – 7.trinn er representert i elevrådet. Ein gut og ei jente frå kvar klasse.

Sak 1 Resultat nasjonale prøver og elevundersøkinga

Rektor forklarte kva nasjonale prøvar er. At det blir gjennomført på 5.trinn for alle elevar i Noreg. Prøven er lik for alle. Og ein ser på kva elevane på Lye kan samanlikna med elevar på andre skular i Noreg. Ein har nasjonal prøve i lesing, rekning og engelsk. Lye skule sitt resultat i engelsk og matematikk er nokså likt som elles i landet. På lesing ligger me litt lågare, me må sjå på kva me kan gjer for å bli endå betre i lesing.

Sak 2 Korleis bli endå betre i lesing?

Elevrådet snakka saman om lesing. Dette er oppsummeringa:

- Ønsker seg fleire nye bøker på biblioteket. Veldig mange bøker, men mykje gammalt/kjedeleg. Vanskeleg å finne kjekke bøker. Bra viss lærar kan anbefale bøker i starten av bibliotektimen.
- Få lese meir faktatekster.
- Trena lesing på iPad.
- Lydbok-app.
- Dei eldste få vera i biblioteket å ha lesetime.
- Ha lesesiesta kvar dag.
- Meir leselekse
- Lesekonkurranse med kjekke premier undervegs.

Sak 3 Lekser.

Elevrådet snakka saman om leksemengde og kva typer lekser dei liker.

2.trinn – passeleg slik det er no

3.trinn – passeleg slik det er no.

4.trinn – syns leksene er bra slik dei er.

5.trinn – bra.

6.trinn – har 15 minutt lesing og 15 minutt rekning kvar dag. Ok med 30 minutt, men syns leksene kan bli litt kjedelege. Av og til for lett.

7.trinn – litt ulike meininger. Nokon syns det var litt mykje, andre for lite. Hadde vore bra å hatt Grublis i lekse kvar veke og 15 minutt lesing i valfri bok. Kunne tenkt seg at lekse var i løpet av veka. Ikkje dag til dag.

Neste møte: 26.januar kl.12.

Sigrd Kjetland
-referent-